



Arkivnr: 2015/1434-750

Saksbehandlar: Ole Vegard Skauge

## Saksframlegg

### Saksgang

Utvål	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda-AU		26.03.2019

## Fylkesvåpen for Vestland -framlegg til utarbeiding av alternative forslag

### Samandrag

#### *Prosjektleiar legg opp til følgjande prosess vidare:*

1. Variant av det tilrådde alternativet – tilbydar C natur og landskap - vert lagt til grunn for utarbeiding av fargealternativ. Arbeidet med alternative grønfargar av vinnarforslaget vert ført vidare. Ei tilråding som ser vinnarforslaget, varianten og fargealternativ i samanheng vert lagt fram for Fellesnemnda sitt arbeidsutval (FN-AU).
2. Dei 3 nye motivforsлага knytt til Gulating vert utarbeidde og ferdigstilte slik det kjem fram i saksutgreiinga. Det vert forsøkt utarbeidd både abstrakte og figurative variantar. Det vert lagt fram sak til Fellesnemnda sitt arbeidsutval (FN-AU) med tilråding om kva for eitt av dei nye alternativa som skal leggjast fram for Fellesnemnda.

### Forslag til vedtak

Arbeidsutvalet til Fellesnemnda slutter seg til framlegget til vidare prosess frå Prosjektleiar slik det kjem fram i saksutgreiinga.

Rune Haugsdal  
prosjektleiar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Prosjektleiar, 19.03.2019

Prosjektleiar gjer nedanfor greie for arbeidet med saka, i tråd med Fellesnemnda sitt vedtak av 19.12.2018. Saksutgreiinga fylgjer i det store rekkefølga i vedtaket.

### Bakgrunn

Prosjektleiar viser til Fellesnemnda sitt vedtak av 19.12.2018:

*«Fellesnemnda ber administrasjonen arbeide vidare med saka og jobbar fram med alternativ med utgangspunkt i dei forslaga som er kome fram i møtet.»*

Fellesnemnda framla oversendingsforslag frå Jenny Følling(SP) saman med vedtaket:

- «1. Fellesnemnda ber om forslag på alternative grønfargar på tilrådd alternativ – tilbydar C natur og landskap.
- 2. Fellesnemnda ber om at folkefavoritten vert bearbeidd vidare og framlegg på historisk samlande motiv.»

Fellesnemnda framla også oversendingsforslag frå Gunhild Berge Stang (V) saman med vedtaket:

*«Fellesnemnda vil i det vidare arbeidet med nytt fylkesvåpen gå vidare med Gulatinget, Onarheimsgildet, og St Sunniva. Tematisk skal ein vektlegge at det nye fylkesvåpenet speglar vilje til demokrati, folkevald makt og med referanse til vår felles historie.»*

### Bearbeiding av folkefavoritten

Prosjektleiar viser til oversendingsforslag frå Følling, pkt. 2, om folkefavoritten. I møte i FN-AU 4.2.2019 vart det gjort greie for at folkefavoritten ikkje bør førast vidare grunna risiko for konflikt med åndsverkslova. Det er ikkje arbeidd vidare med dette.

### Alternative grønfargar på tilrådd alternativ – tilbydar C natur og landskap

Det er utarbeidd 3 forslag til alternative grønfargar på tilrådd alternativ – tilbydar C natur og landskap. Det er også utarbeidd 1 forslag med anna farge enn grøn.



Prosjektleiar ser at andre fylkes- og kommunevåpen i stor grad held seg til dei heraldiske fargane, og vurderer det førebels som uheldig om fylkesvåpenet ikkje skulle harmonere med dei fleste andre fylkes- og kommunevåpen. Prosjektleiar ser at andre samansetningar av dei heraldiske fargane kan utarbeidast som alternativ, og arbeidar no med alternativvurderingar der ikkje kun grøn vert nytta. Det vil verte lagt fram endeleg tilråding til møte i Arbeidsutvalet til Fellesnemnda (FN-AU) 29.4.2019.

### Ny variant av vinnarforslaget

Prosjektleiar er vorte kjend med ein variant av vinnarforslaget, utarbeidd av designbyrået sjølv. Varianten er vurdert til å ha potensiale til å kunne styrke vinnarforslaget.



Prosjektleiar vurderer den til å være tydeleg, og attkjenneleg. Det vert rådd til at varianten vert teke med vidare, og at det vert utarbeidd fleire fargeforslag av den.



### ***Nye forslag til fylkesvåpen***

## Motivtilfanget

I møte 4.2.2019 i Fellesnemnda sitt arbeidsutval (FN-AU) vart det orientert om utfordringane med å identifisere høvelege motiv knytt til St. Sunniva og Onarheimsseglet, medan eit rikt motivtilfang knytt til Gulatinget vart identifisert. Prosjektleiar har lagt dette til grunn, og utvikla følgjande motivtilfang:

### Gulating – landskap og situasjon




Frå venstre: talar og tilhøyrarar, Gulatingeskrossen, 3 «fylki»/veband og «kongabui»

### Gulating – Gulatingsseglet



Frå venstre: Gulatingseglet, rekonstruert Gulatingsegl, Gulatingstjerna, stjerne og måne frå seglet, lovseiemannen frå seglet, septeret frå seglet.

### Gulating – folkekunsten



Motiv frå folkekunsten, eller inspirert av folkekunsten, sett saman i komposisjon for å fortelje om Gulatinget eller om vern.


### Gulating – leidang og folkeforsvar






Leidangen i ulike variantar, runepinnen frå Bryggen med leidangen, og døme på vete.

#### Gulating – Lov og Lagabøte



Frå venstre: Bokstaven «thorn» som opnar Gulatinglova, logoen til verdsarvstaden Thingvellir, ulike liljer og våpenskjold som viser til lovkunnige på Vestlandet i mellomalderen.

#### Gulating – døme på kombinering



Til venstre 2 liljer og Gulatingstjerne, til høgre 3 sverd i liljekrans.

#### Frå motivtilfang til motivforslag

Det vart sett saman ei ressursgruppe, for kvalitetsikring og innspel, til ei første siling av motivtilfanget. Ressursgruppa har kompetanse på heraldikk, historie, folkekunst, diplom og mellomaldersegl, og besto av:

Jørn Øyre hagen Sunde – Universitetet i Bergen  
Marianne Herfindal Johannesen – Statsarkivet  
Jo Rune Utgulen – Statsarkivet  
Yngve Nedrebø – Statsarkivet  
Gunhild Systad – tidl. Direktør Sunnfjord Museum  
Anne Hopland – dagleg leiar Tusenårstaden Gulatings

Prosjektleiar har lagt til grunn fellesnemnda sine oversendingsforslag. Det heiter det at det skal vektleggjast at det nye fylkesvåpenet skal spegle

- Vilje til demokrati
- Folkevald makt
- Referanse til vår felles historie

Det følgjer av dette at eit våpenforslag må ha potensiale til å kunne vise identitet. Det må kunne vise fortid og samstundes peike framover. Våpenforslaget bør kunne

- vise identitet, og både historie og framtid: halde fast og vise kontinuitet i staden for brot
- spegle alle innbyggjarar og folkegrupper
- spegle den store breidda og heilskapen i politikken
- spegle demokratiet si grunnrørsle nedanfrå og opp

Det er også lagt til grunn at våpenforslag må ha potensial til å vinne være i tråd med heraldisk tradisjon, slik at Vestland sitt fylkesvåpen finn sin plass mellom andre kommune- og fylkesvåpen på ein god måte. Det er lagt vekt på at forslaga skal



- ha eitt motiv
- ha ein farge
- ha eit metall
- være forståeleg på avstand og i fart
- være forståeleg i stort og lite format

I arbeidet med motivforslag viste det seg at ei rekke av dei var utfordrande å få til å være i tråd med Fellesnemnda si bestilling, og det som er lagt til grunn ovafor. Dei som hadde størst potensiale som Fylkesvåpen vart prioritert.

Den konkrete utarbeidninga av nye motivforslag var eit samarbeid mellom vinnaren av designkonkurransen, Neue designbyrå, og Prosjektleiar.


## Dei nye motivforsлага

Prosjektleiar legg fram 3 motivforslag som kan utarbeidast som alternativ til dei eksisterande forslaga til fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune. Til kvart av forslaga er ei utgreiing av kva forslaget framstiller og kva potensial det har som fylkesvåpen.

<b>Forslag A</b> Gulating – landskapet		<p>Forslaget viser det overordna landskapet i Gulen. Det er uvisst nøyaktig kvar Gulatinget vart halde, det kan også ha vore flytta. Motivforslaget viser dei dominante landskapstrekkene i området når ein kjem sjøvegen, som representantane gjorde. På denne måten framstiller forslaget det Gulatings-representantane såg, og plasserer betraktaren i notid i same posisjon.</p> <p>Prosjektleiar vurderer forslaget som vakkert og særeige, og med kobling til Gulating. Det er til dels utfordrande å få forslaget til å svare til alle krav.</p>
<b>Forslag B</b> Gulating – 3 styrer saman		<p>Forslaget viser at Fjordane, Hordaland og Sogn koplar seg. Motivforslaget er inspirert av folkekunsten si kopling av elementære figurar, og er framstilt i generell form.</p> <p>Prosjektleiar vurderer forslaget som tydeleg og visuelt sterkt. Forslaget er historieforteljande, med ei god kopling til Gulating.</p> <p>Forslaget har potensiale for å kunne fungere i abstrakt form, som her, og har potensiale for å kunne fungere figurativt, jf. neste avsnitt.</p>
<b>Forslag C</b> Gulating – 3 styrer saman		<p>Forslaget viser at Fjordane, Hordaland og Sogn samlar seg til ein fylkeskommune, og gjev vekst (blomst).</p> <p>Prosjektleiar vurderer forslaget som attkjenneleg og visuelt sterkt. Forslaget er historieforteljande, og viser Gulating i fortid og fylkeskommunen i framtid på ein klar måte.</p> <p>Forslaget har potensiale for å kunne fungere i abstrakt form, og for å kunne fungere figurativt. Forslaget byggjer på eit rikt motivtilfang i den høgverdige arkitekturen og kunsten, og i den folkelege kunsten på vestlandet, jf. neste avsnitt.</p>


### Vidare utvikling av motivforsлага

### Forslag A – Landskapet kring Gulathing




Forslaget viser til noko naturgjeve, og har relativt strengare rammer for utvikling enn dei andre forslaga. Forslaget kan samstundes utformast på fleire måtar, som vist ovafor.

### Forslag B – 3 styrer saman



Forslaget er inspirert av komposisjonsprinsippa i folkekunsten, og har potensiale for både abstrakt og figurativ utforming.

### Forslag C – 3 styrer saman



Alternativet byggjer på ein rik motivtradisjon, og er kjend i talrike variantar, i både enkel og avansert form. Øvst er 2 skrin og ein mynt frå 900-talet, lengst til høgre detalj frå lektoriet i Kinn kirke, nedst eit gotisk vindauge, trepass i gavlen til eit sveiserthus, og dekor på hardingfele. Den sterke grunnforma gjer det mogeleg å stå svært fritt i val av fargekombinasjonar og komposisjonar innafor den heraldiske tradisjon. Ein interessant komposisjon er lektoriet i Kinn kirke, der ringen omsluttar og går opp i 3 like blad i ein perpetuum mobile.

### **Samandrag**

Prosjektleiar legg opp til følgjande prosess vidare:

1. Variant av det tilrådde alternativet – tilbydar C natur og landskap - vert lagt til grunn for utarbeidning av fargealternativ. Arbeidet med alternative grønfargar av vinnarforslaget vert ført vidare. Ei tilråding som ser vinnarforslaget, varianten og fargealternativ i samanheng vert lagt fram for Fellesnemnda sitt arbeidsutval (FN-AU).
2. Dei 3 nye motivforsлага knytt til Gulating vert utarbeidde og ferdigstilte slik det kjem fram i saksutgreiinga. Det vert forsøkt utarbeidd både abstrakt og figurative varianta. Det vert lagt fram sak til Fellesnemnda sitt arbeidsutval (FN-AU) med tilråding om kva for eitt av dei nye alternativa som skal leggjast fram for Fellesnemnda.